

## Andakt til pinsedag av Kristian Myklebust



Bibeltekstar: 1.Mosebok 2, 4-9, Apostelgjerningane 2, 1-11 og Johannes 20, 19-23

Pinsa er ikkje først og fremst for dei spesielt interesserte. Pinsa er ikkje berre for dei få, for ei lita gruppe. Å bli gitt Den heilage ande er ikkje berre noko åndeleg og noko som handlar om særlege opplevingar: *Pinsedagen er dagen som gjer budskapen om Jesus Kristus og trua på han tilgjengeleg for alle menneske!* Anden, som Jesus bles på læresveinane sine og som viste seg på pinsedagen som tunger av eld, er den same Anden, den same livspusten, som Gud bles inn i eit kvart menneske.

I Første Mosebok 2 les vi forteljinga om himmelen og jorda då dei vart skapte. Dette er ikkje naturvitskap, men ei forteljing som vil vise at verda og menneska er skapte og gitt livet av Gud. Det er ei forteljing som ikkje handlar om korleis, men om kvifor. Og Gud skaper verda og han formar mennesket; tek livlaust støv frå jorda, formar det til ein menneskeskapning, før han altså bles livspust- Ande- i nasen på det. Då vert mennesket eit menneske, det vert levande, det vert oss. Utan livspusten, Anden, er det ikkje eit levande menneske.

Pinsedagen er tradisjonelt ein stor dåpsdag. I dåpen vert vi gitt Den heilage Ande. Dei små, som har fått livspusten i gåve, vert borne av takknemlege og kanskje innimellom slitne foreldre som gleder seg over eit nyfødd liv i hendene sine. I desse små kan vi på

det aller sterkaste sjå kor skjøre og utleverte vi menneske er. Og samtidig, når vi høyrer den vedunderlege, vesle lyden av babyen sin pust, så veit vi også kor sterkt og fullt av Ande livet er. På pinsedag, vert vi alle minte om at dette sårbare, men sterke, pustande livet, det er gitt oss av Skaparen, av Gud, som kvart sekund, kvart andedrag vi tek er den som held oss oppe med sin Ande. Vi er kanskje støv, laga av same stoff som alt anna rundt oss, men Gud har valt å blåse sin Ande i oss, og slik er vi menneske i hans verd.

Johannes-teksta, som er dagens evangelium, er eigentleg ei ganske stillfarande forteljing om korleis læresveinane fekk Den heilage Ande. Apostelgjerningane fortel om tunger av eld, og vind og høg lyd, men Johannes fortel berre om Jesu ord og Jesu pust. Læresveinane var samla, dei var enno redde, redde dei jødiske leiarane i Jerusalem som ville ha Jesus av vegen. Likevel hadde dei samla seg. Brått er Jesus mellom dei igjen, levande, stått opp frå dei døde. Sjølv dører som er stengde av frykt og mismot greier Jesus å opne. På nytt står han der, og med seg har han som alltid: Ein pust av liv, eit nytt håp, ny fred, nytt liv. Han seier enkelt til dei: Fred vere med dykk, viser dei hendene sine, som for å gjere dei trygge på at han den same som før, sjølv om han er annleis.

Og så sender han dei, slik han sender oss: For å fortelje om den tome grava, at Jesus er levande. For å gjere det som er godt, det som er for andre, i Jesu namn. Og han andar på dei, pustar på dei: «Som Far har sendt meg sender eg dykk». Gjennom Jesus gjer Gud det same som han gjorde i byrjinga: han bles nytt liv inn i menneska, inn i dei redde læresveinane, dei som ikkje visste vegen vidare. Slik Gud bles liv i støvet, slik bles Jesu liv i trua og håpet og kjærleiken til læresveinane- og med denne nye krafta, Anden si kraft, går dei ut med bodskapen om Guds skaparkrefter, om frelsa og tilgjevinga i Jesus og om livet i Anden til alle slags menneske.

Å leve eit liv i trua på Anden er ikkje eit spektakulært liv, fylt av ekstraordinære erfaringar. Anden bles dit han vil, sjølv sagt, men Anden viser seg ofte først og fremst gjennom å blåse nytt liv frå Gud inn i våre vanlege kvardagsliv. Anden kan fylle oss på ny med dei tre som Paulus løftar fram: tru, håp og kjærleik. Eit liv som kristen er eit vanleg liv, men eit vanleg liv der Anden stadig får minne oss om tilgjevinga og nåden Jesus kjem til oss med. Eit liv som kristen er å vite at vi er menneske med eit oppdrag på denne jorda, at vi er menneske som treng Guds livspust for å leve. Anden kan vise

oss at å vere eit menneske ikkje er å gjere seg fortent, verken til tilveret eller nåden eller håpet, men at Den treeinige Gud gir oss alt som gåve. Vi kan be Anden om å gripe oss, røre ved oss, tenne lys i oss og opplyse oss- slik at vi kan sjå at våre liv og våre dagar er ramma inne og gjennomlyste av Guds kjærleik. Eit liv i Anden byrjar i dåpen og held fram, gjennom alt, heilt til vårt siste andedrag. Og heller ikkje då er det over det livet vi får frå Gud- det evige livet. «Og dersom hans Ande bur i dykk, skal han som reiste Kristus opp frå dei døde, også gjera dykkar dødelege kropp levande ved sin Ande, som bur i dykk.» (Rom.8,11)

### **N13 518 Grip du meg, Heilage Ande**

**T** 1979,1982 Ull-Britt Gustafsson-Pensar, 1978 Pia Perkiö

**O** 1995 Jan Ove Ulstein

**M** 1978 Ilkka Kuusisto

1 Grip du meg, Heilage Ande,  
råk du meg, loge klar.  
Vis meg veg og retning,  
gi mine spørsmål svar.

2 Rør ved meg, Heilage Ande,  
rør ved mitt løynde eg.  
Lat meg tru at Jesus  
leier kvar dag min veg.

3 Kveik du meg, Heilage Ande,  
gjer du meg trygg og fri.

Lat meg tene med ansvar  
og til ei glede bli.

4 Opplys meg, Heilage Ande,  
slik at eg kan forstå:  
også no gjer Herren,  
det som han gjorde då.

5 Eg har ei oppgåve, Herre,  
Kristus har bruk for meg.  
Høyr meg, Heilage Ande,  
no vil eg takke deg.